



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3615 - 16/32681

Saksbehandlar:

Dato:
30.11.2016

Gbnr 88/6 og 7 Marås. Deling av grunneigedom, areal til naust. Høyringssak.

Eigedom: Gnr.88 bnr.6 og gnr.88 bnr.7 Marås
Adresse for eiged.: Maråsvegen, 5955 Lindås
Type tiltak: Deling av grunneigedom, areal til naust.
Heimelshavar: Gnr.88/6 – Siri Sindre, gnr.88/7 Einar Marås
Søker: Siri Sindre og Einar Marås.

Saka gjeld:

Ved skylddelingsforretning i 1953 vart det frå gnr.88 bnr.2 Marås, delt frå to parsellar som vart overdrege til eigaren sine barn. Med parsellane følgde ein felles nausttomt ved Maråsvågen. Nausttomten er oppmålt (lagt ut i terrenget), men høyrer saman med med kvar av dei frådeltte parsellane bnr.6 og bnr.7 med ein ideell halvpart på kvar. Parsellen har vegrett.

Då bnr.7 skulle bygge naust, vart det ikkje til at den påviste felles nausttomta vart teken i bruk. I staden vart det oppretta ein festekontrakt mellom bnr.7 og bnr.2 nokre meter lenger aust, og det nye naustet vart sett opp her. I festekontrakten står det «så lenge festekontrakten gjeld skal festeren forplikte seg til ikkje å føre opp naust på den nausttomten som han eier saman med eigaren av gnr.88 bnr.6.»

Det er no eit ynskje frå eigaren av bnr.7 at han skal få kjøpe parsellen der naustet står, slik at det vert oppretta sjølvstendig eigedom for naustet. Det er gjeve løyve til å dele frå naustet (festetomta) i sak 16/2075 i Lindås kommune.

Avtalen om frådelling var del av eit makeskifte – gbnr.88/7 skal få eige sitt naust, mot at gbnr 88/2 skal få overtake bnr.7 sin halvpart av den felles nausttomten. Før dette makeskiftet kan finne stad, må nausttomta delast frå bnr.6 og bnr.7 og opprettast som sjølvstendig brukseining. Det er denne delinga det er søkt om her.

Parsellen som er søkt delt frå har eit areal på om lag 140m2 grunnlendt fastmark, og ligg ved Maråsvågen. I trå med festekontrakten er det ikkje bygget naust på parsellen. Bnr.6 har heller ikkje nytta seg av høvet til å bygge naust på staden.

Plansituasjon/dispensasjonar:



Det er kommunedelplanen for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra som gjeld på staden der naustparsellen ligg. Området er LNF, strandsone og i Maråsvågen er det gyteplass for marin fisk (GP).

Det er naudsynt med dispensasjon frå både gjeldande plan og frå pbl §1-8. Det ligg føre søknad om dispensasjon.

Gbnr 88/6 og 7 er ikkje landbruk. Handsaming etter §12 i jordlova er ikkje naudsynt.

Tilkomst:

I si tid var det gjeve gangrett over gbnr 88/1 og 88/2 for naustparsellen. Denne vegretten ver ved erklæring datert 30/10 2016 ført vidare til den eventuelt frådelte naustparsellen.

Vassforsyning og avløp er ikkje aktuelt i denne saka.

Uttale frå andre mynde:

Det er naudsynt å sende saka på høyring til overordna mynde. På grunn av gyteplassen i Maråsvågen må og Fiskeridirektoratet uttale seg i denne saka.

Saka vert sendt på høyring til overordna mynde.

Med helsing

Frøydis Ones
konst. avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjonssøknad - gbnr 88/6 og 7 Marås
Stadfesting om veirett til naustparsell tilhøyrande gbnr 88/6 og 7 Marås
Kart
Nabovarsel
Søknad om oppretting av grunneigedom - gbnr 88/6 og 7 Marås

Mottakarar:

Einar Marås	Kokstadgrenda 2	5257	KOKSTAD
Fiskeridirektoratet	Strandgt.229	5004	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Siri Ruth Marås Sindre	Søråshøgda 60	5235	RÅDAL